



## REDAKTØREN SINE FAVORITTAR

DETTE INSPIRERER MEG AKKURAT NO



**1. GURU?** Det er ingen tvil om at den svenske stylisten og interiørdesignaren Lotta Agaton har stor påverkingskraft. Jernvarehandelen gjekk tom for «den» nyansen då ho ein gong måla heile heimen mørkegrå, og då ho plasserte ein pedestal i interiøret var eit nytt «it-møbel» født. Når ho no snart lanserar egne produkt, som denne vakre trebollen, kjem dei garantert til å fly av hyllene. @lottaagatoninteriors **2. SIDESTILT.** Det vesle bordet Verre Particulier i Rosso Lepanto-marmor av Studiopepe for Baxter er som eit lite stykke arkitektur i interiøret. baxter.it **3. TANKEFLUKT.** Indiske Sanya Sharma vev dei nydelegaste tekstilar av naturfiber, og let dei opptre som små skulpturar, hengande uroar eller større romdelarar. @sanyasharma92 **4. BLOMSTRING.** Den svenske, oslobaserte stylisten, fotografen og av og til keramikaren Nettan Dahlqvist står bak denne blomsterhaldaren i keramikk, og eg får lyst til å perfeksjonere den japanske ikebanakunsten. @nettan.no **5. MØTEPlass.** Saman med Irthi Contemporary Crafts Council presenterer onlinegalleriet Adorno ein kolleksjon frå Dei forente arabiske emiratlar, og feirar dermed eit handverk og tradisjonar vi sjeldan har omgang med – samtidig som dei blir gjort kommersielt tilgjengelege. adorno.design **6. GJENNOMBORA.** Den argentinske designaren og kunstnaren Cristián Mohaded handlagar, gjennom kolleksjonen Entrevero, ein serie objekt som lev i kryssingspunktet mellom design og kunst. Slik som vasane Raza. cristianmohaded.com **7. MANN FOR SIN HATT.** Sjølvlærte Håvard Haga står bak den vesle hattemakarbedrifta Haga Hats, der Håvard sjølv sit i kjellarverkstaden sin i Oslo og syr dei eksklusive hovudplagga. Godt handverk, tidlaus design. Akkurat som det skal vere. hagahats.com